

Koordineringsrådet – Sakliste

Føremål: Møte i koordineringsrådet
Møtetid: 27.november 2019 kl. 10.00 – 14.00
Stad: Bremanger kommune – Svelgen omsorgssenter
 Virtuelt møterom: 997972@vm.nhn.no, alt. 997972@uc.nhn.no

Namn	Tittel	Eining
Øyvind Bang-Olsen	Rådmann	Naustdal kommune/Sunnfjord
Arve Varden	Administrerende direktør	Helse Førde
Børge Tvedt	Klinikkdirektør PHV	Helse Førde HF
Arne Johansen	Rådmann	Lærdal kommune/ Sogn
Anne Kristin Kleiven	Utviklingsdirektør	Helse Førde HF
Tone Holvik	Samhandlingssjef/ stadleg leiar	Helse Førde HF
Olav Hesjedal	Klinikkdirektør MED	Helse Førde HF
Tom Guldhav	Klinikkdirektør KIR	Helse Førde HF
Håkon Loftheim	Rådmann	Askvoll kommune/ HAFS
Trine Vingsnes	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Fagrådet
Margun Thue	Stadleg leiar LSH	Helse Førde HF
Tom Joensen	Rådmann	Bremanger kommune/Nordfjord
Åslaug Krogsæther	Rådmann	Eid kommune
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/Fagrådet
Øystein Furnes	Kommuneoverlege	Førde kommune
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	Interkommunal samhandlingskoordinator
Audun Nedrebø	Leiar brukarutvalet	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane
Lisbeth Johnsen	Nestleiar brukarutvalet	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane
Tone Holvik	Samhandlingssjef	Helse Førde
Observatørar:		
Linda Svori	Assisterande fylkeslege	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Sjur Lehmann	Assisterande fylkeslege spesialisthelsetenesta	Fylkesmannen Vestland
Clara Øberg	Direktør for tannhelsetenesta	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Frode Kyrkjebø	Dagleg leiar	KS Sogn og Fjordane

Sak nr.	Tema:	Tidsrom:	Ansvar:
V-45/19	Velkommen, godkjenning av innkalling og sakliste	10.00 – 10.15	Arve Varden, administrerende direktør, leiar koordineringsrådet
V-46/19	Godkjenning av referat frå møte 08.05. 2019		
V-47/19	Forslag til budsjett 2020 for Felles Brukarutval	10.15	Randi Holsen Solheim/ Audun Nedrebø
O-48/19	Statusrapport - Fagnettverket eldremedisin/eldreomsorg har vore i drift i 3 år. Arbeidet skal «evaluerast» i Koordineringsrådet i tråd med ordlyd i delavtale .	10.30	Greta Gard Endal & Marta Strandos
V-49/19	Status og vegen vidare for Samhandlingsbarometeret	10.45	Anne Kristin Kleiven / Emma Bjørnsen
O-50/19	Oppstart av forbetningsutdanning mellom USHT og HF - startar neste år	11.00	Marta Strandos

O-51/19	Meld. St. 15 (2017–2018) Leve hele livet — En kvalitetsreform for eldre Konsekvensar for samhandlinga?	11.25	Elin Sørbotten
O-52/19	Plan for Nye Førde sjukehus	11.15	Kjell Inge Solhaug
	Føremiddagsmat	11.45 – 12.15	
V-53/19	Læringsnettverk for gode pasientforløp	12.15	Elin Sørbotten
O-54/19	Samhandlingskonferansen 2020 Tema/ slagord – tidspunkt!! <ul style="list-style-type: none"> • Programkomitè • Målgruppe • Kva tema treff målgruppa (må treffe strategisk leiing) • Form – dialog - Outlookinnkalling 	12.55	Elin Sørbotten & Tone Holvik
V-55/19	Møteplan for Koordineringsrådet for kalenderåret 2020	13.05	Elin Sørbotten & Tone Holvik
V-56/19	Informasjon om nasjonalt prosjekt i forhold til primærhelseteam/ oppfølgingsteam	13.10	Elin Sørbotten, Thomas Vingen Vedeld, Jan Helge Dale
V-57/19	Erfaringskonferanse for psykisk helsevern. Ein felles konferanse for somatikk og psykisk helsevern, eller to ulike konferansar?	13.25	Elin startar arbeidet med saka.
O-58/19	LIS 1 utdanning – felles ansvar? Delavtale om samarbeid av turnusteneneste for legar	13.35	Trine Hunskår Vingsnes / Tone Holvik / Elin Sørbotten
O-59/19	Samarbeid med kommunane om FoU – Arbeid – må sjekkast	13.40	Elin Sørbotten, Anne Kristin Kleiven & Tone Holvik

Sak 45/19 velkommen til ny periode i Koordineringsrådet

Sak 46/19

Forslag til vedtak: Referat frå møtet 24.september vert godkjend

Referat frå møte Koordineringsrådet

Møtetid: 24.september 2019 kl. 10.00 – 14.30

Stad: Lærdal kulturhus - Øyraplassen 14

Deltakarar

Namn	Tittel	Eining	Forfall
Øyvind Bang-Olsen	Rådmann	Naustdal kommune/Sunnfjord	
Arve Varden	Administrerende direktør	Helse Førde	
Børge Tvedt	Klinikkdirektør PHV	Helse Førde HF	
Arne Johansen	Rådmann	Lærdal kommune/ Sogn	
Anne Kristin Kleiven	Utviklingsdirektør	Helse Førde HF	
Tone Holvik	Samhandlingssjef/ stadleg leiar	Helse Førde HF	
Olav Hesjedal	Klinikkdirektør MED	Helse Førde HF	
Tom Guldhav	Klinikkdirektør KIR	Helse Førde HF	x
Håkon Loftheim	Rådmann	Askvoll kommune/ HAFS	x
Trine Vingsnes	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Fagrådet	
Margun Thue	Stadleg leiar LSH	Helse Førde HF	
Tom Joensen	Rådmann	Bremanger kommune/Nordfjord	x
Åslaug Krogseth	Rådmann	Eid kommune	x
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/Fagrådet	x
Øystein Furnes	Kommuneoverlege	Førde kommune	
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	Interkommunal samhandlingskoordinator	
Audun Nedrebø	Leiar brukarutvalet	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	
Lisbeth Johnsen	Nestleiar brukarutvalet	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	x
Tone Holvik	Stadleg leiar / samhandlingssjef	Helse Førde	
Observatørar:			
Linda Svori	Assisterande fylkeslege	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
Sjur Lehmann	Assisterande fylkeslege spesialisthelsetenesta	Fylkesmannen Vestland	x
Clara Øberg	Direktør for tannhelsetenesta	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	x
Frode Kyrkjebø	Dagleg leiar	KS Sogn og Fjordane	x
Terje Heggheim	Prosjektrådmann	KS Sogn og Fjordane	
Sak nr.	Referat:	Tidsrom:	Ansvar:
V-29/19	Leiar Øyvind Bang Olsen ønskte velkommen. Innkalling og sakliste godkjend.		
V-30/19	Godkjenning av referat frå møte 08.05. 2019 – ingen merknad.		
O-31/19	<p>Arve Varden orienterte om bakgrunn for kontaktmøte mellom KS og føretaksleinga i Helse Førde. Det har vore stilt spørsmål om dette møtepunktet utfordrar samhandlingsstrukturen mellom kommunane og Helse Førde. Det vart stadfesta at møtepunktet vart etablert etter mellom anna eit ønske frå kommunane. Dialogen la vekt på at partane var opptekne av at kontaktmøtet ville fremje samhandlinga mellom primær- og sekundærhelsetenesta.</p> <p>Trond Ueland deltok på video, og delte synspunkt på utfordringar og behov i framtidig regionsinndeling og nye Vestland – sjå eigen presentasjon. Her vart det konkludert med at regionråda framleis må vere eit samarbeidsorgan mellom deltakarkommunane, og at dei er organisert i samsvar med kommunelova som eit interkommunalt samarbeid. Vidare må dei</p>		

	<p>fungere som eit konsensusorgan, slik som praksis har vore tidlegare, og at dei skal vere eit generalistorgan for samarbeid om tenesteproduksjon og samfunnsutvikling</p> <p>Det var lagt opp til noko dialog mellom medlemmane, og uttrykt ynskje om å gå vidare på prioritering av fagnettverka, samt sjå nærare på dagens modell i Sogn og Fjordane som framtidig samhandlingsregion. Oppgåvene til Helse Førde saman med kommunane i opptaksområdet krev tett både administrativ og pasientretta samhandling. Koordineringsrådet tok elles presentasjonen til vitande.</p>
O-32/19	<p>Arve Varden presenterte Plan for prehospitale tenester 2020-2040. I dette også ei orientering om vidare prosess og «headlines» for fase 2, samt aktuell tilråding i plandokumentet. Sjå eigen presentasjon. Koordineringsrådet gav konstruktive tilbakemeldingar til planen, og tok orienteringa til vitande.</p>
O-33/19	<p>Randi Holsen Solheim rapporterte frå erfaringane etter eit års drift av ungdomsråd i Helse Førde. Det har vore utfordrande å rekruttere ungdommar som pr. dato utgjer fire representantar. Koordineringsrådet peika på at føretaket bør evaluere dagens organisasjonsmodell med ansvarsdeling og tilrettelegging mellom tre ulike fagområder.</p>
V-34/19	<p>Elin Therese Sørbotten og Tone Holvik presenterte prosess for val av nye medlemmer til Koordineringsrådet frå og med november 2019. Helse Førde har meld inn sine representantar medan representantar frå kommunal sektor ikkje kan kome på plass før etter at den nye kommune- og regionsstrukturen er etablert. Koordineringsrådet får etter dette ikkje ny samansetting før etter novembermøtet, og liste over nye rådsmedlemmar vert presentert i neste møte. I samsvar med god tradisjon vert det frå nytt år skifte i leiing av både koordineringsråd og fagråd - Helse Førde tek over leiarsvaret med høvesvis administrerande direktør Arve Varden og fagdirektør Trine Vingsnes.</p>
V-35/19	<p>Samhandlingskonferansen er ein årleg konferanse der strategisk leiing i kommunane og øvste leiing i Helse Førde møtast for felles fagutvikling og samhandling om viktige saker for partnarane i Helse Førde sitt nedslagsfelt. Koordineringsrådet har ansvar for å syte føre tema og program for konferansen, og at det vert sett ned programkomité med mandat til å arrangere på vegne av partane.</p> <p>Elin Therese Sørbotten informerte om behovet for etablering av programkomité for Samhandlingskonferansen 2020. For å sikre at ein treff målgruppa med både tema og program må det vurderast om ein skal ha deltakarar frå øvste leiing med i denne prosessen, samt sikre ein god informasjonsflyt ut til målgruppa.</p> <p>Koordineringsrådet konkluderte med at Samhandlingskonferansen 2020 må sjåast i samheng med regioninndeling som var tema i sak 31/19. Her vart det også understreka at rådmannsnivået bør forpliktast til samhandling i forkant av konferansen. Etter noko diskusjon mellom medlemmane konkluderte Koordineringsrådet med at både fylkesmannen og høgskulen vert invitert til å vere del av programkomiteen som elles vert samansett slik;</p> <p>Programkomité: KS – Elin Therese Sørbotten Rådmann Arne Johansen FTL – Tone Holvik Brukarrepresentant Synnøve Solhaugen FM HVL</p> <p>Tone Holvik og Elin Therese Sørbotten tek saka vidare...</p>

V-36/19	<p>Fagdirektør Trine Vingsnes presenterte prosess i høve til LIS 1 utdanning. Modellen tek utgangspunkt i eit felles ansvar med 12 mnd. praksis i spesialisthelsetenesta og 6 mnd. i kommunen. Stort arbeid med gjennomgang av inntil 600 søknadar. Viktig at kommunane engasjerer seg i utveljinga av LIS-lege-søknadar. Koordineringsrådet signaliserer at dette er viktig rekrutteringsarbeid både for HFD og kommunane.</p> <p>Samarbeidsavtale om turnusteneste for turnuslegar bør reviderast. Fagdirektøren føreslår at samhandlingsmøtet mellom HFD, kommunane og Fylkesmannen ser på avtalen og kjem med råd til revisjonsprosessen.</p> <p>Koordineringsrådet sluttar seg til framlegga frå fagdirektør Vingsnes, og sender saka om revisjon av delavtale vidare til Fagrådet.</p>
V-37/19	<p>Assisterande fylkeslege i Vestland Linda Svori orienterte om legerekutting sett frå Fylkesmannen i Vestland sitt perspektiv.</p>
O-38/19	<p>KS sin representant Terje Heggheim informerte kort om at ny kommunelov ikkje får konsekvens for samhandlingsavtalene. Nye kommunar krev likevel at ein ser på gjeldande avtaler. Koordineringsrådet sluttar opp om at partane må samarbeide om dette arbeidet.</p>
V-39/19	<p>Trine Vingsnes orienterte om sak frå fagrådet som handlar om allmenlegar med eit år praksis i sjukehus i samband med allmenlegespesialisering. Ny forskrift tilseier krav om 6 månadar sjukehussteneste, eventuelt 2 x 3 månadar. Tidlegare var dette eit år. Koordineringsrådet diskuterte ulike utfordringar som i hovudsak gjekk ut på at begge parter har vanskar med god planlegging og vikarordningar.</p> <p>Info frå Helse Vest:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utgreier mogelegheit for ein regional portal for LIS-vikariat <ul style="list-style-type: none"> ○ For legar i spesialisering innan allmenmedisin som treng sjukehussteneste og kan leggje inn sine ynskjer ○ For avdelingar som kan legge inn komande vikariat <p>Koordineringsrådet sitt vedtak: Saka frå fagrådet vert teken til vitande.</p>
O-40/19	<p>Fag- og utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven presenterte prosjektet; Revisjon av Helse Førde sin strategi for forskning og innovasjon. Sjå eigen presentasjon. Koordineringsrådet tok orienteringa til vitande.</p>
O-41/19	<p>Seniorrådgjevar Hans Johan Breidablikk presenterte kartlegging av sjukepleiesituasjonen i vårt fylke med utgangspunkt i den nasjonale utfordringa med mangel på 15 000 sjukepleiarar i 2030. Breidablikk sin bodskap gjekk i korte trekk ut på at både helseføretaket og kommunane må starte planlegging og førebuing av tiltak raskast mogeleg. Framskrivingar syner stort rekrutteringsbehov også i Sogn og Fjordane. Sjå eigen presentasjon. Koordineringsrådet takka for orienteringa, og konkluderte med ei todelt utfordring som må avklarast,</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. mangel på helsepersonell 2. korleis vert ressursane nytta best mogeleg? <p>Koordineringsrådet ber om å få saka attende på eit seinare tidspunkt.</p>
O-42/19	<p>Kommunikasjonssjef Terje Ulvedal informerte om NOU 2019: 10 Åpenhet i grenseland som har høyringsfrist 1. oktober. NOU`en gjeld for både primær- og sekundærhelsetenesta. Sjå eigen presentasjon.</p>
V-44/19	<p>Elin-Therese Sørbotten og Tone Holvik supplerte kvarandre i orientering av sak om samhandlingsavvik. Dette er ei sak frå septembermøtet av Fagrådet som rapporterer på korleis arbeidsgruppa frå 2013 har arbeidd med samhandlingsavvika. Her konkluderte ein med at</p>

	gruppa sitt arbeid er viktig. Koordineringsrådet sluttar opp om tilrådinga frå fagrådet, og støttar vidare arbeid med casebasert læring og hensiktsmessig deling. Avtaleverket er svært detaljert, og må nyttast aktivt både i helseføretaket og kommunane.
	Etter møtet organiserte rådmann Arne Johansen omvising ved nytt omsorgsbustadkonsept i Lærdal kommune.

Sak 47/19

Forslag til budsjett 2020 for Felles Brukarutval i Sogn og Fjordane

Framlegg til vedtak: Koordineringsrådet godkjenner felles brukarutval sitt framlegg til budsjett for 2020. Budsjettet er ei vidareføring av B2019, og med bakgrunn i dette vert B2020 justert opp til 2020-kroner.

Budsjett 2020 felles Brukarutval i Sogn og Fjordane

Oppsummering:

Koordineringsrådet skal fastsette årleg budsjett for Felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane - etter at utvalet sjølv har gjeve sitt framlegg. Denne saka presenterer utvalet sitt framlegg til budsjett for driftsåret 2020 frå vedtak i brukarutvalsmøtet 4.september i år. Framlegget inneber ei vidareføring av budsjettet 2019, men utvalet ber om at budsjettet vert oppjustert til 2020-kroner.

Faktaopplysningar:

Godtgjersle til brukarutvalsmedlemmane er i utgangspunktet fastsett av Helse Vest. I framlegg til budsjett er det ikkje teke høgde for eventuell auke i møtegodtgjersle for 2020

Frå punkt 10 i gjeldande retningslinjer;

Helseføretaket vedtek budsjettet til brukarutvalet i samband med den årlege budsjettbehandlninga til helseføretaket. Det er opp til kvart enkelt RHF å fastsetje dei økonomiske rammene for brukarmedverknad og godtgjersle til brukarutvala i RHF-et og underliggjande HF.

Kostnadene til drift av felles brukarutval i Sogn og Fjordane vert dekkja av kommunane og Helse Førde med 50% på kvar. I dette ligg også ei skjønsmessig vurdering av utgifter til sekretariatsfunksjonen til utvalet. KS syter for ei fordeling av samla kostnader for kommunane.

Endringar som medfører auka kostnader skal godkjennast av partane før iverksetting.

Vurdering:

Med bakgrunn i førebels rekneskapsresultat for inneverande år, vert framlegg til B2020 ei vidareføring av budsjetttramma for 2019. Felles brukarutval i Sogn og Fjordane ber om at neste års budsjett vert oppjustert til 2020-kroner.

Sekretariatet for felles brukarutval i Sogn og Fjordane er kjend med at det er sett i gong ein prosess for å harmonisere møtegodtgjersle for brukerrepresentantane i heile landet. Så langt er det ikkje noko som tyder på føreståande endring av dagshonorar stort 1700 NOK.

Framlegg til vedtak:

Koordineringsrådet godkjenner felles brukarutval sitt framlegg til budsjett for 2020, og imøtekjem oppfordringa om at budsjettet vert justert til 2020-kroner.

Framlegg til budsjett 2020

Felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane

Budsjett 2020		
Utgiftsarter	Budsjett	Kommentar
Møtegodtgj. Ordinære BU-møte	117.000	11 medl. 6 møter pr år 1700 pr møte
Møtegodtgj. andre møte/prosjekt	120.000	850 pr møte
Reisegodtgj.og diett ordinære møte	144.500	
Tapt arbeidsinntekt ordinære møte	20.000	
Sosiale kostnader	60.000	
Andre utgifter	10.000	
Faste godtgjersler leiar og nestleiar	22.500	
Samla	494.000	

Sak 48/19 Statusrapport - Fagnettverket eldremedisin/eldreomsorg

Sak 49/19 Status og vegen vidare for Samhandlingsbarometeret

Sak 50/19 Oppstart av forbetningsutdanning mellom USHT og HF

Sak 51/19 Meld. St. 15 (2017–2018) - Leve hele livet

Sak 52/19 Plan for Nye Førde sjukehus

Sak 53/19 Læringsnettverk for gode pasientforløp

Sak 54/19 Samhandlingskonferansen**Sak 55/19 Møteplan for Koordineringsrådet 2020**

Aktuelle datoar for møte i Koordineringsrådet 2020			
Onsdag 4.mars	Fredag 15.mai	Onsdag 30.september	Torsdag 3.desember

Sak 56/19 Informasjon nasjonalt prosjekt primærhelseteam / oppfølgingsteam**Sak 57/19 Erfaringskonferanse for psykisk helsevern****Sak 58/19 LIS 1 utdanning – felles ansvar?****Sak 59/19 Samarbeid med kommunane om FoU**